



**Ein ny klatresesong har starta. Veggjen i Aktivitetshuset var i bruk første gong sist søndag og i ettermiddag er både store og små i aktivitet. Det var 10 sist og det same talet i dag (biletet).**

Leiar i Aktivitetshuset Bjørn Olav Tveit opplyser at det førebels blir ope for alle som ein introduksjon og at det blir klatring frå 16 til 18 på søndagane. Etter jul blir det kanskje også klatring på torsdagane.

Prisen er 20 kroner pr. klatring og 200 kroner for eit halvår. Nytt denne sesongen er at Aktivitetshuset har ført over veggjen til idrettslaget som skal i gang med ei eiga klatregruppe/fjellsportgruppe.

Dermed er dei eit skritt vidare mot det som har vore målet med denne satsinga, å byggja opp eit klatremiljø som startar i Aktivitetshuset og endar i Nåso. Det er allereie døme på dette då nokre ungdommar frå Rosendal har gjennomgått ein slik prosess..

(Foto: Ola Matti Mathisen)